

**AUKRA KOMMUNE
TEKNISK ETAT**

VEDLEGG.....

DIREKTORATET FOR
SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP

- 6 SEPT 2004

Sak nr.: 04/3791-11

Ark.nr.: 330

MØTEBOK				
Rf.	Utvalg	Møtedato	Arkivsaksnr.	Utvalgssaknr.
1	TEKNISK STYRE	01.09.04	04/00583-2	073/04

Saksbehandlar: Svein Oddvar Korsvik

**A-M75 &13 HØYRING - UTGREIING OM FORENKLING OG
EFFEKTIVISERING AV NØDMELDETENESTA**

Vedlegg: Brev datert 02.07.2004 frå DSB (Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap).

Bakgrunn:
DSB har mottatt utgreiing frå Justisdepartementet datert 27.05.04. Utgreiinga tar blant anna opp spørsmål om felles nødnummer for alle etatane. Kommunane vert invitert til å gje uttale.

Utgreiing:
Utgreiinga frå justisdepartementet har hatt som mål å få til forenklingar og effektivisering av nødmeldingstenesta.

I anbefalinga går komiteen inn for at den framtidige norske nødmeldingstenesta:

- 112 vert innført som det einaste nødnummeret i Norge. Dette skal sikre god tilgjenge for publikum og er i tråd intensjonane som er sett i EU. Det vert forutsett at 112 berre skal nyttast som nødnummer. Nødetatane bør i tillegg tilby publikum eit nasjonalt telefonnummer til bruk ved andre kontakter.
- Heile eller deler av nødmeldingstenesta sine oppgåver bør organiserast som ein felles teneste for alle tre etatane.
- Nødmeldingstenesta bør ha eit felles organisatorisk tilknytningspunkt. Det skal sikre felles grensesnitt mot andre aktørar, for eksempel redningssentralar, tekniske leverandørar og tilbydarar, samt felles kvalitetskrav og styringsparametere.
- Talet på nødmeldingssentralar bør reduserast betydeleg frå talet som er i dag.

Aukra kommune er samd i konklusjonane i rapporten om forenkling og effektivisering av nødmeldingstenesta i Norge.

Kommunen ser det som viktig at dette arbeidet blir forsert og at dette blir sett i verk innan rimeleg tid.

Når det gjelder nødmeldinga er det viktig at nødnummer 112 blir nødnummer både på sjø og land.

Det er også positivt at det i tilknytning til nødmeldingssentralen vert lagt inn eit nasjonalt nummer for andre kontakter.

Vi har merka oss modellen i Finland der ein har gått vekk frå separate fagsentralar. Dette er ser ut til å vere ein løysing som bør prøvast i Norge.

Rådmann si tilråding:

Aukra kommune er samd i konklusjonane i rapporten om forenkling og effektivisering av nødmeldingstenesta i Norge.

MØTE I TEKNISK STYRE - 01.09.04:

Samrøystes som tilrådinga med slik tillegg:

Størrelsen på regionene bør blir fylkesvis.

VEDTAK I TEKNISK STYRE - 01.09.04:


Aukra kommune er samd i konklusjonane i rapporten om forenkling og effektivisering av nødmeldingstenesta i Norge.

Størrelsen på regionene bør blir fylkesvis.

Utskrift: DSB

Lensmannen i Sund
Helsesjefen

Rett utskrift:
Aukra, 02.09.04


Rita Eikebø
sekretær